

Intervju-guide til prosjektet

Helsetenester for eldre med psykisk lidning i Oslo og Sogn og Fjordane

– kvalitativ analyse av helsetenester

Erfaringar og refleksjonar rundt helsetenestetilbodet for heimebuande eldre med psykiske lidningar eller –plager.

1. Spørsmål om deg og andre tilsette

- Kva er bakgrunnen din (profesjon, erfaring (kor lenge har du jobba i denne type teneste) og alder)?
- Kva for bakgrunn/kompetanse og erfaring har andre som gir helsetenester for eldre med psykisk lidning i (namn på organisasjon/arbeidsplass) - ?
- Kva stilling har du?

2. Spørsmål om tilbodet til pasientane

- Korleis vil du skildre behandlinga eller tilbodet til eldre med psykisk lidning eller –plager, som bur her (*namn på kommune, bydel eller aktuelt opptaksområde til helseføretaket*)?
 - o Korleis vil du vurdere tilbodet?
- Korleis opplever du samsvaret mellom dei eldre sine behov, og tilbodet dei får?
 - o Kva synspunkt har de i ...(*namn på aktuell kommune, bydel, institusjon*) fått frå pasientar og/eller pårørande om tilbodet?
 - o Synest du behandlingstilboda er nyttige for dei eldre, og kan du ev. gi døme på dette?
- Kva inntrykk har du av eldre sine forventningar til behandlinga eller tiltaka dei får eller kan få for lidinga/plagene sine?
- Dersom ein skulle forandre tenestene hos dykk, for eldre med psykisk lidning eller –plager, – kva endringar ville du tilrå?
 - o Korleis ville den ideelle tenesta sjå ut?

For kommunalt tilsette:

- Kva tenker du om tilboda/tiltak for heimebuande eldre med psykiske plager som ikkje får heimetenester frå kommunen? Med heimetenester tenker eg her på alle typar kommunale tenester som blir gitt i heimen.

3. Spørsmål om samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta

For kommunalt tilsette:

- Korleis vil du skildre prosessen rundt tilvising av eldre med psykisk lidning eller –plager til spesialisthelsetenesta? Eg tenker her på både tilvising til psykisk helsevern og til avtalespesialistar (psykolog eller psykiater).
 - o Kven tek initiativ til slik tilvising?
 - o Kva kjenneteiknar eldre som du vil tilrå at blir tilvist til spesialisthelsetenesta?
- Kva erfaringar og forventningar har du til spesialisthelsetenesta for eldre med psykisk lidning eller –plager?

For tilsette i spesialisthelsetenesta:

- Kva erfaringar med og forventningar har du til kommunale helsetenester når det gjeld eldre med psykisk lidning eller –plager?

For begge:

- Er det utfordringar/muligheiter i samarbeidet mellom spesialist- og kommunehelsetenesta for denne pasientgruppa – eventuelt kan du seie noko meir om dette?
- Dersom ein skulle forandre samarbeidet mellom tenestenivåa – kva endringar ville du tilrå?

4. Spørsmål om dei eldre

- Kva problemstillingar er vanlege hos eldre med psykisk lidning eller –plager som du møter i arbeidet ditt?
 - o Kva tilstandar eller symptom er vanleg hos dei eldre pasientane?
 - o Møter du eldre med både nyetablerte og langvarige psykiske lidningar/-plager, eventuelt kva er mest vanleg?
 - o Kva er ditt inntrykk av korleis heimebuande eldre med psykisk lidning eller –plager har det?
 - o Kva er ditt inntrykk av korleis heimebuande eldre med psykisk lidning eller –plager fungerer i det daglege?
 - o Korleis vil du skildre vanlege sosiale forhold hos eldre med psykiske lidningar/-plager som du har kontakt med? Her tenker eg på både økonomi, utdanningsnivå, familie vs åleinebuande og type sosial støtte.
- Kva inntrykk har du av pasientane sine tankar om, og haldningar til eigne plager?

5. Påverknad av koronapandemien i din organisasjon

- Etter di meining; korleis har korona-pandemien påverka helsetenestene for heimebuande eldre med psykiske lidningar/-plager?
 - o Her kan du reflektere over korleis både tenestene og pasientane eventuelt blei påverka.